

Reglement for utval for læring, undervisning og musikk (LUM-utvalet)

Vedteke av Askvoll sokneråd 13.05.2026

§ 1 Formål

- 1.1 Utvalet skal ha særleg merksemd retta mot arbeidet med kyrkjeleg læring og undervisning og kyrkjemusikk i soknet, og bidra til å styrke det samla kyrkjelydslivet.
- 1.2 Utvalet skal sjå til at lokale planar for kyrkjeleg læring og undervisning og kyrkjemusikk vert utarbeidde, evaluerte minst éin gong per valperiode og vidareutvikla i tråd med soknerådet sine prioriteringar.
- 1.3 Arbeidet i utvalet skal vere forankra i Den norske kyrkja si Helhetlige menighetsplan, der målet er heilskapleg planlegging og samanheng mellom kyrkjelyden sine ulike verksemdsområde.
- 1.4 Utvalet skal bidra med vurderingar, innspel og evalueringar som kan nyttast i soknet sitt overordna planarbeid.

§ 2 Val og samansetjing

- 2.1 Askvoll sokneråd er representert i utvalet med minst to medlemmer.
- 2.2 I tillegg skal utvalet bestå av minst tre andre medlemmar, oppnemnde av soknerådet. Ved oppnemning skal det leggjast vekt på geografisk breidde i soknet, variasjon i alder og relevant kompetanse.
- 2.3 Den tilsette fagpersonen med ansvar for kyrkjeleg læring, undervisning og kyrkjemusikk deltek fast i utvalet.

§ 3 Funksjonstid

- 3.1 Utvalet si funksjonstid følgjer soknerådsperioden.

§ 4 Konstituering

- 4.1 Utvalet konstituerer seg sjølv. Det skal veljast leiar og nestleiar for eitt år om gongen.
- 4.2 Den tilsette fagpersonen er fast sekretær for utvalet.

§ 5 Oppgåver og mandat

- 5.1 Evaluere og vidareutvikle lokale planar for kyrkjeleg læring og undervisning og kyrkjemusikk.
- 5.2 Sjå til at tiltak i vedteken plan vert gjennomførte.
- 5.3 Vere ei ressurs- og referansegruppe for fagpersonen i stillinga.
- 5.4 Bidra til heilskap og samanheng i kyrkjelydsarbeidet i tråd med *Helhetlig menighetsplan*.
- 5.5 Sikre god lokal forankring av aktivitetar i heile soknet.

§ 6 Arbeidsform

- 6.1 Utvalsleiar kallar inn til møte. Det skal haldast minimum to møte per halvår.
- 6.2 Det skal førast referat frå møta. Referata skal sendast soknerådet.

§ 7 Vedtak og endring av reglement

- 7.1 Soknerådet har vedtaksmynde ved fastsetting og endring av reglementet.